

PERSONVERNREGLAR (GDPR)

04.des.2018

Nærbø misjonsforsamling vil verna om dei personlege opplysningane vi har lagra om medlemmane og nyheitsmail-mottakarane våre. Vi lagrar dei for å halda oversikt over medlemsmassen, for å kunne senda ut krav om kontingent og innbetalingar og for å kunna informera om eigne møte og anna arbeid knytta til Misjonsforsamlinga eller NLM generelt. Vi lagrar bare informasjon som er nyttig for å halda denne kontakt med medlemmar og andre nyheitsmail-mottakarar.

Du kan når som helst ta kontakt formann i Nærbø misjonsforsamling (sjå nettside) og be om å få vita kva opplysningar vi har lagra om deg, eventuelt be om å få dei sletta.

Mottar du nyheitsmail og framleis ønskjer det, så treng du ikkje foreta deg noko.

Les meir om GDPR - <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-verktoy/lover-og-regler/om-personopplysningsloven-og-nar-den-gjelder/>

Vi lagrar denne informasjonen:

1) MEDLEMMAR OG NYHEITSMAIL-MOTTAKARAR:

- Namn
- E-mailadresse
- Eventuelt telefonnummer

2) BARNE- OG UNGDOMSLAG:

- Leiarane oppbevarer medlemslister. Desse blir årleg sende inn til NLM pga frifondmiddel/statsstønad.

Kven har tilgang til personopplysningane?

MEDLEMMAR:

- Styret.
- Valnemnda får tilsendt medlemslista.

NYHEITSMAIL-MOTTAKARAR:

- Styret. Nyheitsmailen blir sendt ut som blindkopi.

BARNE- OG UNGDOMSLAG:

- Leiarane for de ulike barne- og ungdomslaga.